

**Offentleg mynde**

**Berørte parter**

**Øvrige**

28.11.2021

## **VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR FRITIDSBUSTADOMRÅDE SANDHOLMEN, 86/98 M.FL INNVÆR, PLANID 202104**

### **Initiativtakar**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt at Planlegg Bømlo AS på oppdrag for Jonny Innvær m.fl, set i gang arbeid med detaljregulering for ovannemnde område.

### **Planstatus og føremål**

I gjeldande kommuneplan er området i hovudsak disponert til noverande fritidsbebyggelse, LNFR-areal og andre typer bebyggelse og anlegg. Ein søker å planlegga detaljregulering av område for utbygging av fritidsbustadar med tilhøyrande infrastruktur samt parkeringsareal. Det vert vurdert å enten laga eigen tilførselsveg til fritidsbustadområdet eller å nyta eksisterande parkeringsareal ved den kommunale tilførselsvegen. Dette er eit av forhalda som skal avklarast gjennom planlegginga.

I kommuneplanen sine føresegner § 3.1.4 vert det stilt krav til detaljregulering for område der det er plass til meir enn 3 fritidsbustadar i rekke, og det er på denne bakgrunn at ein ynskjer oppstart av detaljregulering av området.




Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel – viser aktuelt utbyggingsområde 86/206, 86/78 og 86/98.

### **Avgrensing**

Storleiken på området er om lag 4,2 daa. Avgrensing av planområdet er vist under.

Utbyggingsområdet området omfattar g.nr 86, b.nr 78, 98 og 206. I samråd med planavdelinga i Bømlo Kommune er det tatt med eit noko større område for å få ein heilskapleg plan, som også inkluderer 86/95, delar av 86/150 og delar av 86/152.



Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 4 nye fritidsbustadar. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kaiar, flytebrygger, småbåtanlegg i sjø og vassdrag samt grøntområde.



### Eksisterande bebyggelse

Innanfor det aktuelle området er det i dag 1 eksisterande fritidsbustad med kai og flytebrygger (86/78). Det er opparbeida tilkomstveg til parkeringsareal, men ikkje tilførselsveg fram til eksisterande fritidsbustad. Det vert gjennom planlegginga vurdert å laga tilførselsveg fram for tilkomst av maskinar, utstyr og materiell ved bygging. Det skal vurderast å la denne stå igjen som tilkomstveg eller leggjast tilbake til gangsti.

### Viktige utgreiingar

Det er vurdert konsekvensutgreiing og kommunen har vurdert at planen ikkje fell under vilkår for slik utgreiing, då detaljregulering er i tråd med overordna plan.

**Innspel, merknadar og kommentarar ønskes tilsendt innan 20.01.2022 til:**

**Planlegg Bømlo as, Fylkesnesvegen 31, 5430 Bremnes**, eller på e-post til [post@planleggbomlo.no](mailto:post@planleggbomlo.no)

Oppstartsmelding, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på kommunen sin heimeside/planregisteret. Meir informasjon kan finnast på [www.planleggbomlo.no](http://www.planleggbomlo.no)

Med beste helsing



Vidar Onarheim  
Planlegg Bømlo as

Vedlegg:      -Vedtak om oppstart av detaljregulering, Bømlo kommune  
                  -Planinitiativ  
                  -Referat frå oppstartsmøte